



Reglement for TT-ordninga i Telemark

Vedteke av Vestfold og Telemark fylkesting 15.12.2020 sak 165/20. Justert av Telemark fylkesting 12.12.2023 sak 38/23, punkt 2 f). Justert av Telemark fylkesting 23.10.2024 sak 116/24, punkt 2 c).

1. TT-ordninga

TT-ordninga er eit transporttilbod lagt til rette for personar med sterk og varig funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk), og som på grunn av dette ikkje kan nytte seg av ordinær kollektivtransport til fritidsaktivitetar.

TT-ordninga er meint å dekkje fritidsreiser. Reiser til og frå arbeid- og utdanningstilbod, lege, sjukehus eller anna behandlingstilbod er dekt av andre stønadsordningar.

TT-ordninga er eit fylkeskommunalt tilbod som ikkje er lovpålagt.

2. Vilkår for å bli godkjent som brukar

For å bli godkjent som brukar må søkaren oppfylle følgande vilkår:

- a) Søkaren må ha sterk set ned funksjonsevne som er varig eller har vart meir enn 3 år.
- b) Helsetilstanden må dokumenterasa med legeerklæring.
- c) Søkaren må vere minst 10 år. I særskilde tilfelle er nedre aldersgrense 6 år.
- d) Søkaren må vere ute av stand til å nytte seg av ordinær kollektivtransport, også bestillingstransport. Lang avstand til haldeplass, eller manglande/ikkje-tilfredsstillande kollektivtilbod blir ikkje vektlagd ved vurdering av søknaden.
- e) Søkaren må ha folkeregistrert bustad i fylket.
- f) Går ut 12.12.2023.
- g) Søkaren kan ikkje ha trygdefinansiert bil.
- h) Søkaren må vere ute av stand til å køyre bil .

3. Søknad og behandling

Søkar må nytte standardisert søknadsskjema og legeerklæringsskjema. Utfylt søknadsskjema og legeerklæringsskjema skal signerasa og sendast bustadkommunen.

Bustadkommunen førebur saka og innstiller på om søkar er godkjend/ikkje er godkjend som brukar. Bustadkommunen sender dette til Telemark fylkeskommune som behandlar søknaden og fattar vedtak i saka.

Søkar finn søknadsskjema, legeerklæringsskjema og informasjon om TT-ordninga på Telemark fylkeskommune nettsidene sine.

Legeerklæringa må ikkje vere eldre enn 6 månader. Det er søkaren sitt ansvar at søknaden inneheld korrekte opplysningar og er godt nok dokumenterte.

4. Godkjenningssperiode

Eit vedtak om brukargodkjenning varer i 5 år. Før godkjenningssperioden er over kan brukaren søkje om fornya godkjenning ved å sende nytt søknadsskjema med ny legeerklæring, men brukarar med permanent funksjonsnedsetjing skal sleppe å fornye godkjenninga si kvart 5. år.

5. TT-kort og reisetilskot

Godkjende brukarar får tildelt eit elektronisk TT-kort frå fylkeskommunen sin kortleverandør. TT-kortet er gyldig så lenge brukaren er knyt til ordninga. TT-kortet er personleg og kan ikkje bli overdrege eller nytta av andre.

Fylkeskommunen fyller opp TT-kortet med reisetilskot to gonger per år med halvparten av tildelt årleg reisetilskot, høvesvis 1. januar og 1. juli. For nye søkarar som får innvilga brukargodkjenning i 1. eller 3. kvartal, blir TT-kortet fylt med reisetilskot tilsvarende ein firedel av tildelt årleg reisetilskot, høvesvis 1. april og 1. oktober.

Dersom brukaren ikkje har nytta heile det årlege tildelte reisetilskotet innan 31. desember, blir det reisetilskotet som er att sletta når kortet blir fylt på nytt 1. januar.

Fylkeskommunen fastset reisetilskot og minstebeløpet på eigenandelen. Det er sist vedteke reisetilskot og eigenandel som gjeld til ei kvar tid.

Ved tap av TT-kort må eigar av TT-kortet melde frå til kortleverandøren eller fylkeskommunen med ein gong slik at kortet kan sperrast. Det kan ein gjere ved å:

- Kontakte kortleverandøren per telefon
- Kontakte Telemark fylkeskommune på telefon 35 91 70 00
- Sende e-post til tt-ordningen@telemarkfylke.no eller post@telemarkfylke.no

Utskriving av TT-kortet er gratis for brukaren første gongen. Ved utskrivning av nye TT-kort kan brukaren måtte betale for dei faktiske kostnadene.

6. Brukargrupper

Godkjende brukarar blir delt inn i brukargrupper.

Gruppe 1: Søkar med sterk og varig set ned funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk).

Gruppe 2: Søkar som er permanent rullestolbrukar, eller som er blind eller sterkt svaksynt.

7. Transporttilbodet og eigenandel

TT-kortet kan nyttast i Telemark fylke . TT-kortet kan også brukast i andre fylke dersom transportøren har avtale med kortleverandøren. Reiser kan bestillast av drosje, turvogn eller spesialbil som har teknisk utstyr som kan lese og registrere TT-kortet, eksempelvis eit taksameter.

Ved kvar reise skal brukaren betale ein eigenandel som TT-kortet ikkje dekkjer. Brukaren kan sjølv velje å betale ein eigenandel som er høgare enn minstebeløpet på eigenandelen. Det er han resterande turkostnaden som blir belasta på TT-kortet.

Brukarar som har «følgjespersonbevis», kan ha med reisefølge som reiser gratis. Reisefølge må møte opp der brukaren blir henta og følge med fram til reisemålet.

8. Klage på enkeltvedtak

Når ein søknad om TT-kort er behandla kan enkeltvedtaka klagast på. Det kan klagast over at ein ikkje har vorte godkjent som brukar, eventuelt brukargruppa ein er plassert i. Det kan ikkje klagast over dei satsar som til ei kvar tid er fastset for dei ulike brukargruppene (storleiken på reisetilskotet). Klaga skal vere skriftleg og bør grunngjevast. Klagefristen er tre veker frå den dagen søkar har fått vedtaket.

Klageinstansen er Særskilt klagenemnd i Telemark fylkeskommune. Klage kan sendast til Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien eller på e-post til post@telemarkfylke.no.

9. Tilgang til å endre og avslutte

Fylkeskommunen kan gjere endringar i reglementet med direkte innverknad på vedtaket kvar enkelt brukar har fått, og dermed brukaren sine rettar og pliktar undervegs i godkjeningsperioden. Dette gjeld blant anna endringar i vilkår for brukargodkjenning, godkjenningsperiode, brukargrupper, omfanget av tilbodet og anna. Endringa vil få verknad frå det tidspunktet endringa blir vedteken.

Brukaren skal melde frå til fylkeskommunen om forhold som endrar grunnlaget for brukargodkjenning, i samsvar med vilkåra i punkt 2 i dette reglementet.

Tilbodet opphøyr dersom brukaren ikkje lenger er omfatta av ordninga, eller dersom TT-kortet ikkje har vore nytta i løpet av ein 2 års periode.

10. Misbruk

Fylkeskommunen kan kalle tilbake brukargodkjenning og TT-kort ved misbruk av TT-ordninga. Som misbruk reknast at andre enn brukaren nyttar TT-kortet, at urette opplysningar blir gjæve ved søknad om TT-kort, eller at brukaren på andre måtar ikkje overheld dei plikter som følgjer av dette reglementet.

Ved misbruk kan fylkeskommunen også krevje erstatning for eventuelle økonomiske tap.

11. Verknadstidspunkt

Dette reglementet gjeld frå 01.01.2021. Frå same dato opphøyr «Reglement – Transportordninga for funksjonshemma» vedteken av fylkestinget i Vestfold 12.12.2013 og «Retningslinjer for tilrettelagd transportordning (TT-ordninga) i Telemark» vedtekne av hovudutval for infrastruktur 22.03.2011.